



## REFERAT frå møte i Kviteseid Sokneråd

Torsdag 11. april 2019 kl. 18.00

i kommunestyresalen på kommunehuset

**Innkalla:**

Leiar: Håkon Birkeland, Nestleiar: Magnhild Vaagen Kvalbein, Inger Lise Berge, Marit Gotuholt, Hans Kristian Aabø, Hanne Roholdt, Gunn Karin Eikåsen, Vidar Syrtveit Mikalsen, Sokneprest Møyfrid Lunde, Kommunerepresentant Tore Åsland

1.vara: Reidun Øverbø Fisketjønn

Kyrkjeverje Kristen Salmelid

**Fråfall:** Hanne Roholdt, Gunn Karin Eikåsen og Tore Åsland. Vara for kommunerepresentanten var innkalla, men alle fråfalla var meldt seint, så ingen andre vart innkalla.

Møtet starta med synfaring rundt bårehuset i Kviteseid frå kl. 18.00 til 18.30 og helt fram med møtet på kommunehuset.

Ord for dagen ved Møyfrid Lunde.

Bevertning v/ Reidun Øvrebø Fisketjønn

Mail kopi innkalling til revisor Mariann Todal

(Referat sendes i tillegg til ordførar Tarjei Gjelstad, rådmann Øystein Tveit, NY økonomisjef, rekneskapsførar Christine Graneng og prost Asgeir Sæle)

Oversikt over saker:

Sak 23/19, SR	<b>Innkalling og saksliste</b>
Sak 24/19, SR	<b>Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 27.02.2019</b>
Sak 25/19, SR/FR	<b>Post og meldingar</b>
Sak 26/19, FR	<b>Revisjonsberetning for 2018</b>
Sak 27/19, FR	<b>Rekneskapsrapport 1.kv 2019</b>
Sak 28/19, FR	<b>Driftsanlegg i Kviteseid, godkjenning og endring</b>
Sak 29/19, FR	<b>Revidert investeringsbudsjett 2019</b>
Sak 30/19, FR	<b>Nominasjonskomiteen si liste for soknerådsvalet 2019</b>
Sak 31/19, FR	<b>Innstilling til ny organist 2019</b>
Sak 32/19, SR	<b>Komite for avslutningsfest for organist</b>
Sak 33/19, SR	<b>Utsending til Årsmøtet i Diakonatet</b>
Sak 34/19	<b>Eventuelt</b>

<b>Sak 23/19, SR</b>	<b>Innkalling og saksliste</b>	<b>HB</b>
<b>Forslag til VEDTAK:</b> Innkallinga sendt ut på e-post 22.02.2019 er godkjend. Møtet er lovleg sett. Sakslista er godkjend.		
<b>VEDTAK:</b> Som føreslege.		
<b>Sak 24/19, SR</b>	<b>Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 27.02.2019</b>	<b>HB</b>
<b>Forslag til VEDTAK:</b> Referatet frå møtet 27.02.2019, sendt ut på mail 04.03.2019, vart godkjend.		
<b>VEDTAK:</b> Som føreslege.		
<b>Sak 25/19, SR/FR</b>	<b>Post og meldingar</b>	<b>fleire</b>
<p>1. Orientering om gjennomførde og føreståande arrangement:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a. Konsert i Brunkeberg kyrkje Palmesundag 14.april ved Torunn Bøe og Gunnar Ajer. (Inger Lise Berge ynskjer velkommen og takkar, eller finn andre til å gjere det.)</li> <li>b. Organist Dagfinn arbeider med tanken om ein konsert laurdag 29. juni, i samband med avslutningsgudstenesta for ham sundag 30. juni i Kviteseid.</li> </ul> <p>2. <u>Investeringsprosjekta for 2018.</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a. Automatisk ringeanlegg Kviteseid: Olsen-Nauen klokkestøperi frå Tønsberg var 21.03. på befaring og oppmåling. Vi førebur med m.a. elektriker.</li> <li>b. Taket på Brunkeberg tårn og apsisen på gamle-kyrkja fylgjast opp. Vi rekner nå med at vi har nok tømmer (malmen furu). Sidan sist har kløyvaren vore på reperasjon. Ny runde med kløyving tar no til i Flåbygd i Lunde der vi har fått tak i gode emne. 3. og siste runde med tømmer er frå Gjerstad og ligg klar i Mordedal til kløyving. Vedr. Kostnad: Sjå sak 29/19</li> <li>c. Biskopen og rådgjevar Geir Myre på biskopens kontor sendte i mars 2019 brev om Godkjenning av brannvarslingsanlegg i Kviteseid kyrkje og beklaga at det löt vente på seg. Prosjektet var ferdig i 2017 og vart gjennomført etter munnleg tilsegn i påvente av skrifteleg.</li> </ul> <p>3. <u>Investeringsprosjekta for 2019:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a. Brannvarsling og innbrotsalarm i Kviteseid GAMLE kyrkje (Prosj. 19.3 og 19.3b): Arbeidet er godt i gang. Sentralen monterast på loftet i staden for bak orgelet på galleriet. <i>Nokre deler var for store til å få opp på logget, og vart difor likevel montert bak orgelet.</i></li> <li>b. Brannvarsling og innbrotsalarm i Vrådal kyrkje (Prosj. 19.1 og 19.1b): Riksantikvaren har sagt at det blir godkjent så vi kan halda fram med planlegging. <i>Justert pristilbod er motteke (sjå investeringsbudsjettet)</i></li> <li>c. Renovering av blyglas i Kviteseid kyrkje (Prosj. 19.4): Har ikkje fått noko frå Nyland eller riksantikvaren pr d.d.</li> <li>d. Carportar og HC/WC ved bårehuset i Kviteseid (Prosj. 19.5): Sjå eigen sak: Sak 28/19.</li> </ul> <p>4. Kontroll av alle kyrjklokkekene no i mars, har ført til</p>		

- a. RINGEFORBOD på klokka i gamlekyrkja. Der må stillaset og opphenget av klokka forbetra, og før det kan gjerast må riksantikvaren inn i biletet. Av ventar først skrifteleg rapport frå Olsen-Nauen. *Vi har motteke tilbod om reperasjon av klokka i GAMLEKYRKJA med ein kostnad på kr 104.000 for ny kolbe, aksel, lager og festebøyler. Den klokka må reparerast i Tønsberg.*
- b. I Vrådal må det lagast ny aksling på kulelager. Den som er i bruk nå er 150 97 år gammal. Ny kostar om lag kr 40.000. Vi kunne spart 5.000 på om den vart laga nå samstundes som dei to nye til Kviteseid lagast. *Skrifteleg tilbod lyder på kr 64-73.000 for aksling av hhv. jern og tre.*
5. Vikar for trusopplærar og sekretær er tilsett. Brit Helen Finstad (24) frå Klepp i Rogaland, avsluttar sin Bachelor i ‘Kommunikasjon, livssyn og kristen apologetikk’ til sommaren. Ho startar arbeidet til konfirmantleiren siste veke i juni: 50 % som trusopplærar og 15 % sekretær. Grunna innsparte lønsmidlar i denne våren, får ho samla 80 % stilling ut 2019, og held fram med 65 % våren 2020.
6. Prosjekt ‘Gjevarglede’ vart fram-snakk på årsmøtet sist i mars. Vi vonar det fører til fleire nye gjevarar.
7. Sak om Verneombod for dei tilsette er ikkje avslutta i skrivande stund. Det kan bli ei avklaring 3.-4. april då kyrkjeverjer samlast til fagdagar i Bø. Det ser ut til å bli eit felles verneombod for oss i Vest-Telemark, sekretæren i Tokke kyrkjelege Fellesråd. *Saka ligger på vent grunna sjukemelding i anna fellesråd.*
8. Personalrommet for fagarbeidarane våre, under bårehuset i Kviteseid, er no ferdig med utvida areal, nytt golv, lyse veggar og tak, nye plass tilpassa møbler og godt lys.
9. To korte flaggstenger og flag lik dei i Kviteseid og Brunkeberg er bestilt til Vrådal kyrkje, –samt eit mindre flagg til Fjågesund til erstatning for det alt for store der. Vi fekk då rimeleg vimplar til alle stader til å ha oppe i sommarhalvåret.
10. Referat frå årsmøtet for Kviteseid sokn i Brunkeberg 31.3. ligg ved.
- 11. Hovuddøra på Gamlekyrkja er forbetra for å gjere den unike buen over døra meir synleg.*
- 12. Store bjørketrær samt mindre trær og kratt er kutta ned like utanfor muren sør for kyrkjegården i ved Brunkeberg kyrkje. Skugge, lauv og røter gjorde arbeidet der vanskeleg.*
- 13. Resultatet etter Fasteaksjonen 9.april vart nær kr. 39.000, ein nedgang på 5 % frå sist år. Kr. 5700 av desse kom via vippa.*

Sak 26/19, FR	Revisjonsberetning for 2018	KS
<p>Revisor leverte ‘Uavhengig revisors beretning’ 26.mars. Dei konkluderer med eit driftsresultat og rekneskaps messig mindreforbruk på kr 105.135,44. Etter revisors mening er årsrekneskapen med eit etterhald, gitt i samsvar med lov og forskrifter, og gir ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Kviteseid sokn pr. 31. desember 2018.</p> <p>Atterhaldet gjeld meirverdiavgift på utgåande fakturaer for gravstell, kr 14.346 som ikkje er tatt med på årsoppgåva og dermed heller ikkje betale til skatteetaten. Det er no retta opp i 1.kvartal i 2019.</p> <p><i>Vedlegg: Revisjonsrapport 2018 og Nummerert brev.</i></p> <p><b>Forslag til VEDTAK:</b></p>		

Soknerådet er nøgde med at dei økonomiske forholda i soknet er så godt tatt i vare av kyrkjeverja, dei kommunale rekneskapsansvarlege og den uavhengige revisjonen.  
Soknerådet tek revisors beretning til vitande.

**VEDTAK:** Som føreslege.

<b>Sak 27/19, FR</b>	<b>Rekneskapsrapport 1.kv 2019</b>	<b>KS</b>
----------------------	------------------------------------	-----------

Rekneskapsføraren i kommunen har på oppmoding levert rekneskapsrapport for jan-mars 2019. Det syner eit samla resultat på kr 284.000 i overforbruk samanlikna med budsjettet for same periode. Over 100.000 av desse tilhøyrar investeringsprosjekt og rettast opp til neste rapport. Resultatet blir då overforbruk på om lag kr 170.000. Same periode i 2018 syntte eit overforbruk på kr. 262.000.

Avdelingsvis viser det

- *110 Administrasjon* har eit overforbruk på 39' mot 1' i 2018
- *111 Kyrkjer* har i realiteten eit overforbruk på 90' mot 199' i 2018, etter at feilføringar blir overført til investeringsregnskap der de hører til.
- *112 Kyrkjegardar* har eit mindreforbruk (overskot) på 5' som er over 72'betre resultat enn i 2018. Her er manglande mva på tenester på kyrkjegard i 2018 retta opp nå i 1. kv.2019.
- *113 Andre kyrkjelege føremål* har eit overforbruk på 54' mot 0,4' i 2018. årsaken er at Tokke har fakturert 74' for prostidiakonen tidlegare på året enn i 2018.

*Vedlegg: Rekneskapsrapport 2019.1-3*

**Forslag til VEDTAK:**

Soknerådet tek rapporten til vitande.

**VEDTAK:** Som føreslege.

<b>Sak 28/19, FR</b>	<b>Driftsanlegg i Kviteseid, godkjenning og endring</b>	<b>KS</b>
----------------------	---	-----------

For investeringssak 'Carportar og HC/WC ved bårehuset i Kviteseid' (Prosj. 19.5) bad SR på sitt møte 27.februar i år, i Sak 21/19 om å få sjå planteikningar over område der den doble carporten var tenkt sett opp, samt skisser av carporten for ny vurdering.

I mellomtida har Biskopen i brev av 15.03.2019 godkjend påbygg til bårehuset i Kviteseid, men ikkje den doble carporten. Både biskopen, gravplassrådgjevar og fylkeskommunen meiner at plasseringa av den frittståande carporten på kyrkjepllassen mot gjerdet i vest, er uheldig. Dette er sett i forhold til kyrkjebygget og gravplassen, og til trass for at det har blitt ein praksis at utstyr og maskinar står parkert der. Dei har forslag om to alternative plasseringar. Fagarbeidarane og kyrkjeverja støtter tanken om forlenging av tilbygget mot vest. Det er plass til det geografisk, og vil føre til at alt maskineri og utstyr blir samla på ein stad, under same tak, og ryddar opp på plassen som det ikkje har vore på fleire tiår. På bakgrunn av dette har kyrkjeverja saman med kyrkjegardsarbeidarane utarbeida eit nytt revidert forslag, som då i praksis allereie er godkjent av biskopen. (Sjå vedlagt godkenningsbrev).

Det nye forslaget inneber at carporten på plassen erstattast med ein utviding av tilbygget til bårehuset si underetasje. (Sjå vedlegg). Den røde ramma er allereie teikna inn på

offentlege kart som ei skisse, men er feildimensjonert av kartverket. Rett storleik er det gule feltet på 13,6 m x 3,8 m og 5 m. Foreslegens utviding (grønt felt) er på 3 m i lengda og 3,75 m frå det breiaste.

På ei teikning av grunnplanet er maskinar, køyretøy og utstyr teikna inn i rett storleik.

Det er dessutan svært langt og vanskeleg å rygga inn frå riksvegen med tilhengar med last. Difor kom tanken om inngang i begge ender av bygget slik at ein kan køyre inn frå begge sider. Tilhøva ligg godt til rette for å laga den nye tilførselsvegen. Nokre store furu som må fellast vil kunne brukast til reisverk av bygget, tilskore på lokal sag.

Større kostnadar vil vera 1,5 m mur, større golv ( $60\rightarrow90 \text{ m}^2$ ) og takflater ( $70\rightarrow120 \text{ m}^2$ ).

Tilrådinga for taket er at det vert likt som bårehuset, svart glasert enkeltkrumma takstein.

Det er svært kostbart. Vi undersøker også tak med liknande utsjånad, men av andre materialar.

Arbeidet ynskjer vi å gjera i stor grad med eige mannskap med noko utviding.

Om finansiering: Sjå Sak 29/19

*Vedlegg: Godkjenning av tilbygg bårehus Kviteseid  
Teikningar bårehus Kviteseid utvida carport 2019.04*

**Forslag til VEDTAK:** Soknerådet støtter tanken om å samla alt for kyrkjegardsdrifta under eit tak og eit driftsbygg. Soknerådet er då innforstått med at kostnaden vil bli noko høgare og reviderer investeringsbudsjettet tilsvarande når kostnadane etter kvart blir klårare. Soknerådet meiner at arbeidet med anlegget likevel kan ta til.

#### **Handsaming under møtet:**

Både under synfaringa og møtet vart fleire element i denne saka drøfta og kommentert. Det vart uttrykt litt skepsis til den foreslegne vegen i den bratte skråninga utan at entreprenør hadde vurdert saka. Det vart og påpeika et det kan vere fjell i massen som må gravast opp. Det vart stilt spørsmål til om arealet var nok til alle reiskapar og maskinar. Det må finnast ei løysing på utfordringa med at taket vil gå heit til bakkenivå for å hindra at folk klyv opp på taket. Det er greitt å bruke tak-plater som liknar på dagens tak på bårehuset. Ideen og bygget og vegen vart likevel godt motteken. Kyrkjeverja ser for seg utgraving, anlegg av veg og støyping av golv og forskala vegg i 2019, og reisverk og tak i 2020.

**VEDTAK:** Soknerådet støtter tanken om å samla alt for kyrkjegardsdrifta under eit tak og eit driftsbygg. Soknerådet er då innforstått med at kostnaden vil bli noko høgare og reviderer investeringsbudsjettet tilsvarande når kostnadane etter kvart blir klårare. Soknerådet meiner at arbeidet med anlegget likevel kan ta til.

Sak 29/19, FR	Revidert investeringsbudsjett 2019	KS
---------------	------------------------------------	----

Det er fleire saker som kan føre til behov for å revidera investeringsbudsjettet. Det reviderte forslaget er også konsekvent med bare brutto tal på kostnadane, i trå med slik det førast i Agresso (kommune-program for budsjettering og rekneskapsføring)

1. **19-1 Brannvarsling og innbrotsalarm til Vrådal kyrkje** stod oppført med kr 250.000 i investeringsbudsjettet for 2019. Det er basert på tilbod frå tidleg 2018. Vi ventar eit noko justert og bindande tilbod. Budsjetterer med kr 265.000.
2. **19-3 Brannvarsling og innbrotsalarm til Kviteseid gamle kyrkje** vert i desse dagar sluttført. Siste tilbod frå Dyrud Elektro etter endringar som er kome i prosessen, er på kr 259.655, men det kan verta litt mindre enn dette.

3. **19-4 Renovering blyglas Kviteseid kyrkje.** Vi har i skrivande stund ikkje motteke tilbod men fleire alternativ i omfang, men ventar det snart. Det store spørsmålet i denne saka er om Riksantikvaren saman med Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) kjem inn og kan finansiera og gjere noko. Vi har ikkje motteke noko svar frå dei i skrivande stund, trass etterlysing. Budsjetterer med kr 196.000 for 2019
4. **19-5 Tilbygg bårehus Kviteseid og HC/WC.** Kyrkjeverja foreslår at prosjekt går over både 2019 og 2020 med WC, graving, sokkel og mur i 2019.
5. **19-6 Snofangarar til Brunkeberg kyrkje** vart nemnt på tidlegare møte, og erstattar rep. av taket på Vrådal kyrkje som er nedprioritert / skjøve utover i tid.
6. **19-6 Innkjøp av stillas** er og nemnt på eit tidlegare møte. Leige av stillas ville vore aktuelt til fleire av prosjekta. Bare til prosjekt 18-2 var det kalkulert med leige av stillas til kr 100.000. Stillas kjøpast for kr 48.000 og tenast fort inn.
7. **18-1 Renovering tak på apsis, Kviteseid gamle kyrkje.** Det var ikkje råd å få nokon til å ta på seg heile prosjektet, og det har vi truleg spart mykje på til trass for at budsjetteringa var heilt feil. Til begynt arbeid i 2018 er det gått med kr 130.000. Samla kostnad er no etter halvvegs i flisproduksjonen, berekna til kr 650.000. Kr. 520.000 på revidert budsjett no meiner vi skal rekka til ferdig oppsettet fliser på taket.
8. **18-2 Reparasjon tak på tak Brunkeberg kyrkjetårn.** Flisproduksjonen er i gang, men vi veit lite om kostnadane enda. Budsjettet er likevel redusert noko p.g.a. innkjøp av eige stillas.
9. **18-3 Automatisk ringeanlegg i Kviteseid kyrkje.** Arbeideter venta ferdig i april eller mai 2019. Olsen-Nauen klokkestøyperi har vore på siste befaring. Berre montering står att. I tidlegere budsjett var det feilaktig oppført netto-tal for dette prosjektet. Det er nå retta til brutto tal, og lagt til litt i forventa kostnader med elektrikar.

Samla er dette kostnadene på over 2 mill.kr. Det dekkast inn med momsrefusjon på kr 416', refusjon frå kommunen på kr 1 mill., bruk av eige disposisjonsfond (som tidlegare budsjettet i 2018 og 2019): kr 90', og bruk av Bunde investeringsfond, som er rest frå tidlegare år, særleg 2018 for investeringsprosjekta som ikkje vart ferdige då.

Vedlegg: *Rev. Investeringsbudsjett 2019.04*

#### **Forslag til VEDTAK i soknerådet:**

Soknerådet vedtek det framlagde forslaget til revidert investeringsbudsjett for 2019.

#### **Handsaming under møtet:**

Justert budsjett vart lagt fram på møtet fordi 19-1 viste seg å vera netttotal. Kostnaden auka difor med kr 66.000. 19-4 og 19-5 vart difor samla redusert med tilsvarande for å få budsjettet i balanse. Beløp på under kr. 100.000 skal normalt ikkje førast opp som investering: 19-5 kan sjåast i samanheng med 18-1. Begge gjeld tak på Brunkeberg kyrkje. 19-6 vil bli brukt i fleire av dei andre prosjekta og kunne soleis vore inkludert der. Dette oppsettet er vald for å synleggjera desse detaljane.

#### **VEDTAK:**

Soknerådet vedtek det forslaget til revidert investeringsbudsjett for 2019 som vart framlag under møtet.

Nominasjonskomiteen for soknerådsvalet i 2019, har lagt fram si liste.

Leiar av komiteen og soknerådet, Håkon Birkeland orienterer. Til soknerådet skal det frå denne lista veljast 8 faste medlemmar og 5 vara medlemmar.

#### Forslag til VEDTAK i soknerådet:

Soknerådet vedtek den framlagde lista til kandidatar til nytt sokneråd i Kviteseid for kyrkjevalet 2019:

#### Kandidatar til soknerådsvalet 2019

- 1 Marit Gotuholt
- 2 Vidar Syrtveit Mikalsen
- 3 Aud Turid Fjågesund
- 4 Eva Lier
- 5 Marit Sørby
- 6 Toralf Grave
- 7 Gudrun Nordbø Venås
- 8 Dagfinn Køhn
- 9 Vigdis Bruhaug
- 10 Jan Rune Bjørnson
- 11 Inge Waldenstrøm
- 12 Mari Gjersund
- 13 Unni Snaunes
- 14 Sigrunn Moen

#### VEDTAK i soknerådet:

Soknerådet vedtek den framlagde lista til kandidatar til nytt sokneråd i Kviteseid for kyrkjevalet 2019, slik den står oppførd her med fullstendige namn, fødselsår, stilling og bustad. 10 personar signerer lista som forslagsstillere, deriblant soknerådet.

#### Kandidatar til soknerådsvalet 2019

1	Marit Gotuholt	1962	Adjunkt med opprykk	Kviteseid
2	Vidar Syrtveit Mikalsen	1968	Adjunkt	Kviteseid
3	Aud Turid Fjågesund	1962	Assistent	Fjågesund
4	Eva Lisbeth Lier	1957	Pensjonist	Ordal
5	Anne Marit Sørby	1952	Regnskapsmedarbeidar	Vrådal
6	Toralf Grave	1953	Pensjonist	Kviteseid
7	Gudrun Nordbø Venås	1970	Regnskapsrådgjevar	Vrådal
8	Dagfinn Jone Køhn	1951	Pensjonist	Kviteseid
9	Vigdis Helene Bruhaug	1950	Pensjonist	Morgedal
10	Jan Rune Bjørnson	1965	Adjunkt	Kviteseid
11	Inge Waldenstrøm	1953	Pensjonist	Kviteseid
12	Mari Jakobsen Gjersund	1952	Pensjonist	Morgedal
13	Unni Snaunes	1960	Ungdomsarbeidar	Vrådal
14	Sigrunn Garvik Moen	1955	Adjunkt	Kviteseid

Instillingsutvalet har bestått av Håkon Birkeland (leiar) og Magnhild Vaagen Kvalbein frå soknerådet, Jan Gunnar Haugen (ansatt-representant), og sakshandsamar Kristen Salmelid (kyrkjeverje). Utvalet har også brukt Dagfinn Køhn fom musikkfagleg konsulent.

Det kom totalt inn 11 søkjavar, alle innan fristen.

Via Web Cruiser på nett:

- |   |                 |
|---|-----------------|
| 1. <i>Cora Newman Riley</i>               | -uaktuell       |
| 2. <i>Olav Holm</i>                       |                 |
| 3. <i>Maria Jung Breidalen Skjæveland</i> |                 |
| 4. <i>Alia Mahmud-zade</i>                |                 |
| 5. <i>Rufat Khalilov</i>                  | -uaktuell       |
| 6. <i>Vatroslav Vudjan</i>                | -uaktuell       |
| 7. <i>Micha Olbrich</i>                   | -trakk søknaden |

Søknadar direkte på mail:

- |                          |
|--------------------------|
| 8. <i>Anne Vik</i>       |
| 9. <i>Gunnar Ajer</i>    |
| 10. <i>Larysa Pukish</i> |

Pr.post:

- |                             |                 |
|-----------------------------|-----------------|
| 11. <i>Solveig Skjerdal</i> | -trakk søknaden |
|-----------------------------|-----------------|

For 6 av kandidatane er referansar kontakta og tilleggsinformasjon innhenta.

3 kandidatar har vore til intervju med prøvespeling.

Innstillingsutvalet legg fram den endelige lista i prioritert rekkefylgje til soknerådet 11. april.

#### **Forslag til VEDTAK:**

Soknerådet vedtek at fylgjande kandidatar kan ges tilbod om organiststilling i Kviteseid sokn frå 1. august 2019, i prioritert rekkefylgje:

- |       |
|-------|
| 1. .. |
| 2. .. |
| 3. .. |

#### **Handsaming under møtet:**

To kandidatar vart nominert på møtet. Skriv med sentrale opplysningar og vurderingar for begge kandidatane vart lagt fram, og det vart stilt mange spørsmål frå engasjert sokneråd, som vart gitt svar på frå komiteen.

#### **VEDTAK:**

Soknerådet vedtek at fylgjande kandidatar kan ges tilbod om organiststilling i Kviteseid sokn frå 1. august 2019, i prioritert rekkefylgje:

- |  |
|--|
| 1. Olav Holm, (46), Kviteseid                  |
| 2. Alia Mahmud-Zade, (31), Azerbajan/Stavanger |

<b>Sak 32/19, FR</b>	<b>Komit� for avslutningsfest for organist</b>	<b>HB</b>
----------------------	--	-----------

Det er planlagd avslutningsgudsteneste 30. juni i Kviteseid kyrkje for organist Dagfinn K hn som g r av med pensjon i sommar.

Etter gudstenesta inviterast kyrkjelyden til avslutningsfest for K hn p  Misjonshuset.

Til denne festen treng vi ein komit . Tidlegare har leiarane av barnekora: Elise Fold y og  sbj rg H geland sagt dei g rne vil bidra i planlegginga av festen.

Komiteen setjast ned under m tet.

#### **VEDTAK:**

Til komité stiller Marit Gotuholt, Hanne Roholdt, Marit Sørby, Herdis N Jørgensen og Jørgen Moen. Marit kallar inn når komiteen er klar. Jørgen ynskjer ikkje å leda feste, men det får de avgjere i komiteen.

Marit spør i tillegg: Elise Foldøy og Åsbjørg Hægeland om ein av de kan fere med.

Sak 33/19, SR	Utsending til Årsmøtet i Diakonatet	HB
---------------	-------------------------------------	----

28.april arrangerast Diakoniens dag for Vest-Telemark, denne gong i Fyresdal, med gudsteneste kl. 17.00. Kl. 15.00 er det årsmøte i Diakonatet som styrer vår felles Prostidiakon Eilev Erikstein. Kviteseid sokn må senda ein representant, men oppmodar mange fleir om å reisa. Det er ingen gudsteneste i Kviteseid den dagen.

**VEDTAK:** Hanne Roholdt representerer Kviteseid sokneråd.

Sak 34/19, SR	Eventuelt	HB
---------------	-----------	----

1. **Konfirmafest 5. juni på Misjonshuset i Kviteseid ca. 13.00** (etter samtalegudstenesta). Komité: Hans Kristian Aabø (leiar), Håkon Birkeland. Vi har OK frå Olaug Røyse og Hæge Jønholt. I tillegg har Kristen spurt Gunn Karin Eikåsen. Møyfrid spør Martha Bakken og Kirsti Skjæveland.
2. **Frå Fellesmøtekomiteen:** Kyrkja har ansvar for talar på fellesmøtehelg i mars 2020. Tenk på folk vi kan spørje.
3. **Gullkonfirmantfest i Brunkeberg 29.sept.** etter gudstenesta, er same dag som fellesmøtene sitt sangmøte kl. 16.00. Det lar seg gjøre.

Planlagde møter i 2019 etter vedtak 63/18: 12. juni, 21. aug., 2. okt.,  
og 20. nov. (nytt sokneråd. Avtroppande leiar deltek under konstituering)